

Meland kommune

postmotak

Havnevegen 41A

5918 Frekhaug

Flatøy 29.05.2019

Ståle Andersen

Flatøyvegen 102

Søknad om dispensasjon frå tabell 4 føresegn 1.6.9 krav om parkering ved naust. GBNR 1/6

Viser til administrativt vedtak. Saknr: 107/2019.

Her vert det satt krav om tinglyst rett til ein parkeringsplass til naustet. Dette er eigar av GBNR 1/6 ikkje villig til å gje, då det vil vera ein heftelse på eigedomen hans. Gang/vegrett er han positiv til å gje. Heller ikkje eigarar av GNR 1/16 er villige til å gje ein slik rett av same grunn.

Det vil og vere lite gunstig å ha tinglyst parkering på eigedomane til ein av dei nye eigarane då det ikkje er godt å seie kva framtida vil bringe mht eventuelt salg av ein av desse.

Då står saka slik at det er gangavstand til naust for begge framtidige eigarar av naustet. Naustet har vore utan veg og parkering sidan det Blei sett opp for over hundre år sidan, og bruken av naustet er ikkje tenkt endra no, sjølv med eige GBNR.

Det er dessutan eit stort antal offentlige parkeringsplassar ved E39 som ligg i nærleiken til stien som fører ned til naustet. Desse vert i dag og nytta av andre med naust og fritidseigedomar på Flatøy. Her er det og busstopp og mogleg å nytta kollektivtransport, som vel er det å føretrekkje i desse tider.

Det er og vist til i vedtaket at ved frådelling til uendra bruk, og når naustet har vore lovleg etablert og samandhengande i bruk kan det gis løyve utan dispensasjon. Dette håpar vi også kan gjelde for overnemde krav.

MVH

Ståle Andersen

